



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/7 23

7.10.2015

**Statsbudsjettet 2016 Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2016 –
programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk – førebels rammer**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil med dette informere om regjeringa sitt framlegg til budsjett for 2016 for gjennomføring av regional- og distriktpolitikken og om førebels fordeling av budsjetttramma under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. For 2016 gjer regjeringa framlegg om ei løyving på om lag 1,8 mrd. kroner under programkategori 13.50.

Måla i regional- og distriktpolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret, ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for størst mogleg nasjonal verdiskaping, sikre likeverdige levekår og gje alle reell fridom til å busetje seg der dei vil. Departementet har eit særlig ansvar for å bidra til å utløyse verdiskapingspotensialet i område der geografiske og demografiske føresetnader byr på utfordringar når det gjeld vekst og utvikling.

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å styrkje vekstkrafta og sikre gode levekår i alle delar av landet. Regjeringa fornyar regionalpolitikken gjennom ei brei tilnærming og prioriterer dei generelle rammevilkåra for næringslivet og utvikling av samspelet mellom byar og regionar. Den distriktpolitiske innsatsen under programkategori 13.50 skal vere målretta gjennom ei prioritering av nærings- og bedriftsretta tiltak.

Regjeringa har auka satsinga på ei rekkje tiltak for å styrkje næringsliv og arbeidsplassar i alle delar av landet. Satsinga på infrastruktur, forskning og vekstfremjande skattelettar har auka. I 2016 er om lag 240 mill. kroner omprioritert frå programkategori 13.50 mellom anna for å gje rom for ei auka satsing på 200 mill. kroner til fylkesveg. Sjå Prop. 1 S (2015–2016) *Kommunal- og moderniseringsdepartementet* for meir informasjon.

Postadresse

Kontoradresse

Telefon*

Sakshandsamar

NO-

postmottak@kmd.dep.no

<http://www.kmd.dep.no/>

22 24 90 90

Org no.

972 417 858

Grethe Lunde

Dei endelege oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev blir sende ut etter at Stortinget har handsama budsjettframlegget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

Mål og rammer for 2016 programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1 Auka verdiskaping, sysselsetjing og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv	1.1 Styrkje konkurransekrafta for etablerte bedrifter 1.2 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø 1.3 Auke talet på lønsame etableringar 1.4 Sikre at EØS-regelverket gjev handlingsrom for nasjonal nærings- og regionalpolitisk innsats
2 Forbetre lokale og regionale rammevilkår for næringsliv og befolkning	2.1 Betre samhandling i byregionar og tilgang på relevant kompetanse i arbeidsmarknadsområde 2.2 Forbetre fysisk infrastruktur og redusere avstandulempar i område med få innbyggjarar og små marknader
3 Utvikle attraktive regionar og senter for befolkning og næringsliv	3.1 Styrkje tilgangen til tenester for befolkninga i område med få innbyggjarar og små marknader 3.2 Gjere tettstader og små og mellomstore byar meir attraktive å bu i og som lokaliseringsstad for bedrifter

Bruken av midlar under programkategorien skal vere geografisk differensiert og i hovudsak nyttast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.

Tabellen under viser ei førebels fordeling av løyvinga på 1,8 mrd. kroner under programkategori 13.50 fordelt på kapittel og postar:

Nemning	(mill. kroner)	
	Saldert 2015	Framlegg 2016
Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling	1 144,6	1 102,8
Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	360,7	205,3
Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling	486,7	444,2
Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling	25,9	26,9

Kap. 551

Løyvingane under kap. 551 skal bidra til å realisere nasjonale mål og dei måla fylka sjølve har for ei regional utvikling som er tilpassa regionale utfordringar og føresetnader. Innsatsen skal utløyse det næringsmessige potensialet i kvar region. Nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast. Vi viser til felles forskrift for post 60 og 61 og retningslinjer for bruken av midlane. Retningslinjene bestemmer korleis fylkeskommunane forvaltar, følgjer opp og kontrollerer midlane, også i dei tilfella der heile eller delar av forvaltninga er delegerte til andre aktørar.

Post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling

Regjeringa føreslår ei løyving til fylkeskommunane på 1,1 mrd. kroner på kap. 551, post 60 for 2016. Løyvinga inkluderer 15 mill. kroner i ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Lierne kommune i Nord-Trøndelag. Ei førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Den endelege fordelinga vil bli nedfelt i tilskotsbreva for 2016.

Fylkeskommunane skal sikre ei god forankring av prioriteringane i regionale partnerskap. Innanfor rammene av post 60 skal fylkeskommunane dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei gjev til Innovasjon Noreg, Siva og Forskingrådet. Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg avtaler omfanget av kostnader i samband med tenester frå Innovasjon Noreg som fylkeskommunane finansierer. Desse midlane blir overførte direkte frå departementet til Innovasjon Noreg. Departementet har sett av 46 mill. kroner for 2016.

Ramma til fylkeskommunane blir fastsett etter både *objektive kriterium* og *skjøn*. Den objektive fordelinga byggjer på distriktsindeksen, og midlane blir løyvde ut frå talet på innbyggjarar i det distriktpolitiske verkeområdet (den distriktpolitiske komponenten). Alle fylkeskommunane får i tillegg løyvingar etter ein regionalpolitisk komponent, som for 2016 er sett til 5 mill. kroner, ein reduksjon på 2 mill. kroner frå 2015.

Etter at det distriktpolitiske verkeområdet blei revidert, blei nokre kommunar flytta frå sone 1 til sone 2 på grunn av låg distriktsindeks. Desse kommunane låg kvar i sone 1 når ramme for 2015 blei fordelt. Frå 2016 er desse kommunane lagt inn i sone 2, noko som gjev meir midlar til dei fylkeskommunane der desse kommunane ligg. For 2016 har departementet og justert ned dei ekstra vektene som kommunar med ein distriktsindeks under 30, kommunar i Nord-Noreg og Namdalen og kommunar i Tiltakszona for Finnmark og Nord-Troms får. I tillegg blir sone 2 vekta lågare enn sone 3.

Rammer til omstilling og Interreg blir fordelte etter skjøn. Departementet legg opp til ei ramme på 74,5 mill. kroner til omstillingsarbeid i vanskelegstilte kommunar/regionar. Midlane gjev fylkeskommunane høve til å støtte opp om kommunar/regionar der hjørnesteinsbedrifter er lagde ned, eller der næringar har hatt store reduksjonar i sysselsetjinga, men som samstundes ikkje kvalifiserer til statleg ekstraordinær omstillingsstøtte. Av ramma på 74,5 mill. kroner er det sett av 20 mill. kroner for å møte utfordringane som følgjer av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. Hordaland fylkeskommune skal forvalte midlane, og midlane skal nyttast på tvers av

fylkeskommunane. Departementet vil ta initiativ til eit møte med dei fylkeskommunane det gjeld. Ei oversikt over fylkeskommunar som får tildelt midlar til omstilling, er å finne i vedlegg 1.

Den føreslåtte tildelinga til norsk deltaking i Interreg VA er den same i 2016 som i 2015. Fylkesfordelinga går fram av vedlegg 2. I tråd med ansvarsreforma er det likevel opp til fylkeskommunane og partnerskapane å disponere den tildelte ramma ut frå behov som oppstår.

Satsinga på verdiskaping i fjellområda er føreslått ført vidare med 10 mill. kroner i 2016. Midlane skal styrkje grunnlaget for næringsutvikling og nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane. Oppland fylkeskommune forvaltar midlane i samarbeid med andre fylkeskommunar og nasjonale aktørar.

Departementet legg til grunn at fylkeskommunane så snart som mogleg avklarar dei sentrale føringane og økonomiske rammene til Innovasjon Noreg og kommunane for 2016. For Innovasjon Noreg legg departementet til grunn at oppdragsbrev til selskapet blir sendt innan utgangen av første kvartal 2016.

Post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift

Regjeringa har gjort framlegg om ei løyving på 205,3 mill. kroner på kap. 551, post 61 for 2016. Departementet vil kome attende til den fylkesvise fordelinga av ramma første kvartal 2016. Midlane på post 61 skal gå til område som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, eller som fekk gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn før 2004.

Partnerskapen i dei aktuelle fylkeskommunane/kommunane skal bestemme korleis midlane skal forvaltast, også om kompensasjonsmidlane skal nyttast utanfor dei kommunane som fekk ein auke i avgifta. Det skal leggjast spesiell vekt på synspunkt frå kommunane og næringslivet når det gjeld prioritering og bruk av midlane.

Ordninga blir føreslått avvikla etter 2018. Næringslivet vil med ei avvikling etter 2018 vere indirekte kompensert over ein periode på 15 år.

Kap. 552

Post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa føreslår ei løyving på 444,2 mill. kroner på kap. 552, post 72 for 2016. Løyvinga skal bidra til å realisere nasjonale mål for regionalpolitikken, og er i hovudsak knytt til aktivitet under hovudmål 1 og delar av hovudmål 2 og 3. Under viser vi ei førebels fordeling av ramma for 2016 på delmål og innsatsområde i Innovasjon Noreg, Siva og Forskingsrådet. Andre tiltak på posten som kan vere relevante for verkemiddelaktørane og fylkeskommunane, er òg lista opp. Den endelege fordelinga mellom aktørar og innsatsområde vil bli avklart gjennom styringsdialog og nedfelt i tildelingsbrev for 2016. Verkemiddelaktørane kan gjere framlegg om mindre justeringar mellom innsatsområda innanfor rammene. Vi ber om at Siva,

Innovasjon Noreg eller Forskingsrådet tek opp eventuelle ønske om endringar i fordelinga av midlar i god tid før halvårsmøta hausten 2015.

Innovasjon Noreg

Departementet føreslår ei løyving på 178,7 mill. kroner til Innovasjon Noreg i 2016, inkludert administrasjons- og gjennomføringskostnader. Midlane skal mellom anna bidra til at fleire gode gründerar overlever, til å byggje og utvikle nyskapande klyngjer og nettverk og til kompetanseheving i næringslivet. Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

(mill. kroner)

Delmål KMD	Delmål IN	Saldert 2015	Framlegg 2016
1.1 Styrkje konkurransekrafta for etablerte bedrifter	Fleire vekstkraftige bedrifter	28,2	25,0
1.2 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø	Fleire innovative næringsmiljø	126,8	115,0
1.3 Auke talet på lønsame etableringar	Fleire gode gründerar	37,5	34,0
Analysar og profilering		5,3	4,7
SUM		197,8	178,7

Siva

Departementet føreslår ei løyving på 85,5 mill. kroner til Siva i 2016. Midlane skal bidra til å auke innovasjon og næringsutvikling gjennom utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i alle delar av landet. Siva har eit særleg ansvar for å bidra til å fremje vekstkrafta i distrikta.

(mill. kroner)

Delmål KMD	Mål Siva	Saldert 2015	Framlegg 2016
1.2 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø	Utløyse lønsam næringsutvikling i bedrifter og regionale nærings- og kunnskapsmiljø	95,6	85,5
SUM		95,6	85,5

Forskingsrådet

Departementet føreslår ei løyving på 74,7 mill. kroner til Forskingsrådet i 2016.

Forskingsrådet skal halde fram med å styrkje den regionale vekstkrafta gjennom mobilisering og auka nytteverdi av samarbeid mellom FoU-miljø, regionale næringsmiljø og bedrifter.

(mill. kroner)

Delmål KMD	Mål Forskingsrådet	Saldert 2015	Framlegg 2016
1.2 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø	Auka verdiskaping i næringslivet	45,9	41,6
2.1 Kompetanse		41,6	33,1
SUM		87,5	74,7

Departementet kjem attende til løyvingar på kap. 500, post 50 *Forskningsprogram under Noregs forskingsråd* i det endelege tildelingsbrevet.

Andre satsingar på kap. 552, post 72

Tabellen under gjev ei oversikt over den førebels fordelinga av midlar til andre program som blir finansierte på posten, og som kan vere relevante for verkemiddelaktørane og fylkeskommunane.

(mill. kroner)

Program og innsatsområde	Saldert 2015	Framlegg 2016
Utviklingsprogrammet for byregionar	27,7	27,7
Internasjonalt arbeid ¹	37,3	37,3
MERKUR-programmet	10,5	9,3
Utviklings- og investeringsstøtte til daglegvarebutikkar i distrikta, inklusiv midlar til drivstoffanlegg	30,0	28,0
Forsøksordning: Forenkle utmarksforvaltninga		3,0
SUM	105,5	105,3

Utviklingsprogrammet for byregionar

Departementet føreslår ei tildeling på 27,7 mill. kroner. Midlar til fase 2 i programmet blei lyste ut våren 2015. 38 byregionar med til saman over 200 kommunar skal delta i denne fasen. Byregionane skal utarbeide og setje i verk lokalt forankra strategiar og tiltak med utgangspunkt i samhandling mellom by og omland, på bakgrunn av kunnskap om utfordringar og moglegheiter i området. Programmet skal vare til 2017. Departementet legg til grunn at kommunane som deltek i programmet, og fylkeskommunane ser arbeidet i samanheng med det ansvaret fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør og planmyndigheit.

Forsøksordning: Forenkle utmarksforvaltninga

Regjeringa er i gang med eit interdepartementalt arbeid for å forenkle utmarksforvaltninga. Regjeringa føreslår i den samanhengen å setje i gang ei forsøksordning for kommunane der ulike tiltak for å forenkle utmarksforvaltninga skal prøvast ut i praksis. Målet er å skaffe

¹ Under internasjonalt arbeid inngår tildeling utover Interreg VA-programma, driftstilskot til Nordisk Atlantsamarbejde (NORA), kontingent for deltaking i OECD LEED Programme og arbeid med etablering av eit arktisk nettverk.

erfaringar som gjev grunnlag for å setje i verk varige tiltak for å forenkle forvaltninga. Gjennom forsøksordninga skal kommunar kunne gjennomføre konkrete tiltak med mål om auka verdiskaping basert på ressursgrunnlaget i utmarka. Val av prosjekt vil bli sett i samanheng med det andre arbeidet for å forenkle utmarksforvaltninga.

Kap. 554

Post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) er eit forvaltningsorgan under departementet, og skal støtte opp om lokalt utviklingsarbeid. Distriktssenteret skal vere eit nasjonalt kompetanseorgan innanfor lokal samfunnsutvikling overfor kommunar og fylkeskommunar. Senteret skal i 2016 framleis vere eit ressurscenter for departementet i arbeidet med kommunesamanslåingar, og dei skal drive nettverksarbeidet for *Utviklingsprogrammet for byregionar*.

Departementet føreslår ei løyving på 26,9 mill. kroner i 2016. Auken på 1 mill. kroner frå 2015 kjem av ei korrigering av uttrekket som blei gjort i samband med innføringa av ordninga med nøytral meirverdiavgift.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)

Grethe Lunde

Vedlegg:

1. Førebels fylkesfordeling av kap. 551, post 60 for 2016
2. Grunnlag for løyving etter skjøn til Interreg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur